



Rauland Historielag

## RAULAND HISTORIELAG

### Årsmelding for 2024

**Styret har hatt fylgjande samansetjing etter årsmøte 02.05.2024:**

**Leiar** Toril Nicolaisen

**Skrivar** Frøydis Fossli

**Kasserar** Halvor Fossli

**Styremedlem Tore Tjønn**

**Styremedlem Herdis Lien**

**Styremedlem Ottar Romtveit**

**Varamedlem Solveig Loftsgarden**

**Varamedlem Marit Jortveit**

**Arbeidet i laget.**

**Styret har hatt 6 styremøte . Medlemstalet i laget var ved årsskiftet**

**Det har vore dei årlege tiltaka så som temakveldar og kyrkjegardsvandring. Det er elles vore arbeidd med Rindeprosjektet, ny heimeside, kulturminneplan for Vinje m.m. Året blei avslutta med ein fellesmiddag på Raulandstoga for styret og temagruppa.**

**Temagruppa.**

**Temagruppa har hatt desse medlemmene: Asbjørn Gardsjord (leiar), Kari Halsten, Herdis Lien, Sindre Hestdalen og Birger Kjelingtveit.**

**Temakveldane blei arrangert i Vesaas-salen på Raulandsakademiet.**

**20.02.24 Kval i sikte frå fjellbygda ved Sveinung Skinnarland.**

**19.03.24 Gamle Rikard Berge ved Øyunn Groven Myren og Leiv Solberg. Samarbeid med Rauland Folkeakademi.**

**16.04.24 Filmen *Myllargutspelet 1962* og myllarståttar spela av Lars Erik Øygarden.**

**16.09.24 Raulandsallmenningen bilete og forteljing ved Birger Kjelingtveit.**

**15.10.24 Møte med møsstrendingar ved Kjell Bitustøyl.**

**19.11.24 Utvandring til Amerika frå Lårdal og Rauland ved Dag Rorgemoen. Samarbeid med Slekt og Data Vinje.**

## Kyrkjegardsvandring

Som tidlegare er dette eit samarbeid med Rauland sokneråd. Stor deltaking også i år. Historielaget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknerådet syter for olsokgraut etter messa. Det var om lag 90 som møtte på olsokvandringa.

Det blei stoppa og fortalt ved desse gravene i år:

**Gunhild Rui** ved Jan Tveiti

**Hæge Varmekro** ved Frøydis Fossli

**Gudrun og Alf Solbakken** ved Øyvind Solbakken

**Tarjei Kramviken** ved Tarjei Kramviken

**Tur/andre aktivitetar.**

**23.05.2024** Historielaget var med på Meterologisk institutt si markering av 140 år med nedbørsmålingar på Rauland. Ansvaret har i alle desse åra lege hjå ein familie, og Gunn Gardsjord, som er den siste i rekka, fekk plakett, blomster og takk for familiens innsats frå Meterologisk institutt. Nedbørstasjonen blei automatisert seinare i 2024.

**21.06.2024** Etter møte om Rindeprosjektet var det tur i Rindefeltet saman med arkeolog Line Grindkåsa frå Telemark fylkeskommune med påvising av og orientering om kulturminna i området. Dette var ein tur for alle som ville vera med, og det var mange som var med på dette.

**20.08.2024** Tur i samarbeid med Vinje kommune/ Friskliv og Mestring frå krysset til Harkjellstaulsvegen og ein rundtur via helleristningane på Sporeneset, gjennom tunet på Sporanes og vidare i gamleveg og opp jordet til Nordtun. Birger Kjelingtveit og Gunn Gardsjord fortalte underveis.

**22.10.2024** Omvising i Forsvarsmuseet i Vinje for ei gruppe medlemmar i Historielaget og ein utsending frå Lokalhistorisk arkiv. Signe Gardsteig frå venelaget viste rundt og fortalte om lokale hendingar under andre verdskrigen m.m.

**Namnesak.**

Styret i Rauland Historielag gjorde på styremøte 10.01.2024 eit samråystes vedtak: *Vi ynskjer å opprette ei namnesak og tilrår at det offisielle namnet blir Rauland sentrum.* Bakgrunnen var at laget tidlegare hadde teke opp spørsmål med kommune om bruken av Krossen og Midtbygdi som namn på sentrum, og tilbakemelding var at det måtte opprettast ei formell namnesak, noko Historielaget bad om. Kommunen oppretta namnesak 20.03.24 og saka var oppe i kommunestyret 25.02.25 som gjorde følgjande vedtak: *Jf..stadnamnlova § 7 vedtek kommunestyret desse namna: Rauland som namn på bygd og Krysset som namn på tettstad.*

## **Stadnamnprosjekt i Vinje kommune.**

Stadnamnprosjektet som det har vore arbeidd med i heile kommunen er no fullført . Vest-Telemark museum har vore prosjektansvarleg og siste prosjektleiar Astri Cathrine Draugedal Bjørgum var rundt i dei 3 historielaga der ho informerte om arbeidet og presenterte bruken av stadnamnregisteret. Ho var hjå Rauland Historielag etter årsmøte 02.05.24.

## **Prosjekt Arvesylv.**

Dette er eit samarbeid mellom Rauland Historielag, Rauland Husflidslag og Raulandsakademiet om eit aktivtetsområde på Telemarktunet med formidling og aktivitet knytt til vasskraft. Prosjektet fekk tilsegn om kr. 475.000 frå Sparebankstiftelsen i 2020, men på grunn av korona og andre uheldige hendingar blei oppstarten av prosjektet veldig forsinka. Ein viktig del er no på plass, og arbeidet er planlagt avslutta i 2025.

## **Rindeprosjektet.**

Rauland Historielag søkte våren 2024 Landslaget for Lokalhistorie om midlar til prosjektet *Kulturlandskap som historieforteljar – husmannsplassar i nærområdet* og fekk kort tid etter tildelt kr.60.000 i tilskott. Historielaget, Rauland skule og Lokalhistorisk arkiv-Vinje kommune har gått saman med mål om å utvikle metodar for å få meir lokalhistorie inn i skulen. Prosjektet starta opp ved at skulen utarbeidde eit undervisningsopplegg med tverrfagleg opplegg for 8. klasse. Rinde-området er vald for her er mange kulturminne og er kort avstand til skulen. Det blei orientert på årsmøtet om Rindeprosjektet.

Det er også kontakt med beburane i Krontveitfeltet som planlegg leikeplass i området med tanke på ev samarbeid.

I samband med prosjektet kom arkeolog Line Grindkåsa frå Telemark fylkeskommune på besøk 21.06.24. Eige møte med informasjon om prosjektet og planane, og deretter ein tur for å sjå dei forskjellige kulturminna. Denne siste delen av dagen var open for alle.

## **Kulturmiljøplan.**

Vinje kommune har sett i gang eit arbeide med *Temaplan for kulturminne og kulturmiljø*. Norsk institutt for kulturminneforskning skal saman med kommunen utarbeide planen. Dette i tråd med mal og retningsliner frå Riksantikvaren og med innspel frå fylkeskommune, lag, organisasjonar og privatpersonar. Dei tre historielaga i kommunen har delteke på møte med Vinje kommune. Rauland Historielag har hatt tre møte lokalt for å få innspel og desse er vidareformidla til kultursjefen.

## **Ny heimeside – Rauland Historielag [www.raulandhistorielag.no](http://www.raulandhistorielag.no)**

Arbeidet med ny heimeside starta så vidt opp våren 24, men kom meir i gang utover hausten. Ein del av stoffet på den gamle heimesida er overført til den nye m.a. gamle foto. Heimesida er eit samarbeid med Rauland Turist AS og temakveldar og arrangement av

ulikt slag blir annonsert også på heimesida til Rauland Turist AS – [www.visitrauland.com](http://www.visitrauland.com). Marie Nicolaisen har vore med i arbeidet med den nye heimesida til Historielaget.

### Samarbeid med Slekt og Data Vinje.

Slekt og Data Vinje er tilknytt Slekt og Data Telemark. Slekt og Data Vinje blei starta opp i mai 2023 med Frøydis Fossli som initiativtakar og med slektsgransking som tema. Historielaget og Slekt og Data Vinje samarbeider om utvandring, og temakvelden om Utvandring til Amerika frå Lårdal og Rauland i november var eit fellestiltak.

### Økonomien i laget.

Rekneskapen syner eit overskott på kr 82.898. Eigenkapitalen i laget er pr. 31.12.24 kr. 445.681.

Laget fekk kr i tilskott frå Tinn Sparebank og kr. i grasrotandel Norsk Tipping.

### Lokalhistoriske bøker.

Rauland Historielag gav ikkje ut bok i 2024, men Raulandsakademiet AS gav hausten 2024 ut boka *Raulandsakademiet - Læring, kultur og reiseliv i 50 år* skrive av Marit Jortveit. Sekretær Frøydis Fossli i Rauland Historielag bokbada Marit på eit arrangement på Raulandsakademiet 07.12.24.

### Boksal 2024.

Salet av bøker har gått jamt og trutt. Salsstader er: Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Haugsæl, Kviteseid Bok og papir, Norli Seljord, Norli Bø, Sparkjøp i Åmotsdal og Telemarkstunet.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til [raulandhistorielag@gmail.com](mailto:raulandhistorielag@gmail.com)

### Lokalhistorisk arkiv.

Vinje kommune driftar Lokalhistorisk arkiv med ei 20 % stilling. Frøydis Fossli har denne stillinga.

### Takk for godt samarbeid.

Styret vil takke for godt samarbeid i året som gjekk til medlemmer og andre som har vore med å støtte opp om arbeidet i Rauland Historielag.

For styret i Rauland Historielag



Toril Nicolaisen